



Notat

Dato: 24.02.2015
Arkivsak: 2014/13622-37
Saksbehandlar: talhals

Til: Kultur- og ressursutvalet

Frå: Fylkesrådmann

Vindkraft i Hordaland

Då fylkestinget 11.6.14 handsama sak 35 /2014 «Klimaplan for Hordaland 2014-2030. Forslag», fatta tinget følgjande vedtak:

7. Fylkestinget vedtar at arbeidet med potensiell vindkraft vert trekt sterkare inn i klimaplanen 2014-2020.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare utarbeidd ein eigen fylkesdelplan for vindkraft (2000-2012). Planen inneheld retningslinjer for vurdering og arealanalyser som skisserer potensielle område for vindkraft i dei 10 ytterste kommunane i fylket. Arealanalysene er baserte på vinddata som er samanstillt med potensielle arealkonflikter. Denne planen er no utdatert, og vurderast erstatta av ein ny plan.

I Hordaland er det bygd ut eitt vindkraftverk, Midtfjellet vindpark på Fitjar. Andre planlagde vindkraftverk i fylket er lagde på is. Heller ikkje til havs er det kome prosjekt i Hordaland. NVE sende i 2013 ut «Havvind - Strategisk konsekvensutredning» på høyring. Utgreiinga legg fram forslag om kva for nokre havområde som bør opnast for utdeling av konsesjonar til havvind. Ingen av dei aktuelle områda er utanfor Hordalandskysten. Saka er framleis til handsaming i Olje- og energidepartementet.

Bakgrunnen for den manglande utbygginga av vindkraft i Noreg og i Hordaland er samansett. Det er difor ønskeleg å sjå ei sterkare satsing på vindkraft i samanheng med utvikling av teknologi, infrastruktur og rammevilkår. Saka vil følgjast opp ved seinare høve.